



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

Kopi til:

Osterøy kommune
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Dato: 11.09.2023
Vår ref: 23/03458-9
Deres ref:

Vurdering av minerallova sitt saklege verkeområde for uttak av massar på gbnr. 54/25, 30, 31, 32 i Osterøy kommune jf. minerallova § 3

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard (DMF) viser til brevet vårt om oppmoding om opplysningar med varsel om pålegg datert 26.06.2023 og svar frå Osterøy Entreprenør AS, org.nr. 958 154 003, datert 15.08.2023.

DMF fekk 23.06.2023 tips om eit mogleg ulovleg uttak på Haus i Osterøy kommune. Tipset gjaldt gbnr. 54/25, 30, 31 og 32. Tiltakshavar vart opplyst å vera Osterøy Entreprenør AS. Tipset gjaldt også bekymring for tryggleiken i uttaket. Uttaket er ikkje registrert i databasane våre. Det må derfor gjerast ei vurdering av om uttaket blir omfatta av minerallova § 3.

DMF er den sentrale fagstyresmakta til staten ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ei forsvarleg og berekraftig utvinning og bearbeiding av mineral. Me forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg eit særleg ansvar for at minerallressursar blir varetekne i sakar etter plan- og bygningslova.

Konklusjon

På bakgrunn av innsende opplysningar og det gjennomgatte i aka vurderer DMF at tiltaket på gbnr. 54/25, 30, 31 og 32 hovudsakleg er gjennomført som ein del av anna utnytting av grunnen, og dermed ikkje omfatta av minerallova.

Bakgrunn

Grunneigar av gbnr. 54/31 og 32 er i dag Mjeldalen Næringspark AS (tidl. Osterøy Næringspark AS) og grunneigar av gbnr. 54/25 og 30 er Miljødrift AS (tidl. Odin Ådland). Tiltakshavar er Osterøy Entreprenør AS.

Gbnr. 54/25 og 31 har, etter arealplan vedteken 24.06.2018 planID 4630.2017007, arealformål næringsverksemd. Gbnr. 54/30 og 32 har arealformål LNRF-areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag. Området er i dag ikkje nærare regulert.

Gbnr. 54/31 og 32 utgjer saman med gbnr. 54/25 og 30 eit areal på om lag 15 350 m² kor Osterøy Entreprenør sidan midten av 1990-tallet har hatt avtale med grunneigarane om uttak av massar og planering av området. Osterøy Entreprenør AS opplyst at det er



tatt ut om lag 50 000 m³ massar totalt på det samla arealet sidan midten av 1990-tallet. Massane har vert brukt til ulike formål, som veger, tomter, grøfter m.m. Det er også brukt nokre masse til utplanering av næringsområdet.

Tiltakshavar opplyser at det har vært sporadiske uttak av masser frå området, utan spesielt lange periodar med opphald. Fordi området har hatt så stort masseoverskot har det tatt lang tid å opparbeide, for å finna nytte av massane.

Videre opplyser tiltakshavar at området er brukt som næringsområde. Det har blant annet blitt leid ut til lagring, samt at det er oppført et næringsbygg. Området var også brukt som lokasjon for BIR gjenbruksstasjon i omtrent 15 år. Grunneigarane planlegg nå å bruke området til næringsverksemd. Miljødrift AS har søkt om å sette opp en brakkerigg for anleggsarbeidarar. Miljødrift AS er eigar av gbnr. 54/25 og 30.

Tiltakshavar opplyser vidare om at området no er ferdig planert.

Rettsleg grunnlag

Som utgangspunkt gjelder mineralloven eitkvart uttak av mineralske førekomst. Unntaket er for uttak som hovudsakeleg er en del av annan utnytting av grunnen. Dette følger av minerallovens saklege verkeområde som angitt i mineralloven § 3 andre ledd første setning (hovudregelen) og andre setning (unntaket).

Det er altså bruken av grunnen der kor massane takast ut som vurderast i spørsmålet om minerallovens kjem til bruk på uttaket.

I tilfelle der det er vanskeleg å fastslå om eit uttak er eit ordinært masseuttak er underlagt minerallova eller om det er eit uttak som skal gjennomførast for å realisera andre formål (annan bruk av grunnen), kan reguleringsformålet gi ein peikepinn, men er ikkje åleine avgjerande. DMF kan i enkelte grensetilfelle jf. § 3 tredje ledd gjennomføra ei heilskapsvurdering der det, i tillegg til reguleringsformålet, sest hen til karakteren til uttaket i varigheit og storleik, kor langt frami tid hovudformålet med bruken av grunnen ligg og kor framstående det kommersielle aspektet er.¹

DMF si vurdering

Gbnr. 54/25, 30, 31 og 32 er regulerte med arealformål næringsverksemd og LNRF-areal, og Osterøy Entreprenør AS opplyser om at området sidan 1980-talet har vorte brukt som næringsområde. Mellom anna er det oppført eit næringsbygg, området har vorte leig ut til lagring og vorte brukt som lokasjon for BIR-gjenbruksstasjon i omtrent 15 år. Tiltakshavar opplyser om at grunneigarane framleis planlegg å bruka området som næringsområde. Det er søkt om å setja opp ein brakkerigg for anleggsarbeidarar på gbnr. 54/25 og 30.

Det oppgitte hovudformålet er i tråd med arealplanen for næringsområdet, noko som taler for at uttaket hovudsakleg er ein del av anna utnytting av grunnen. For at uttaksaktiviteten likevel skal reknast for å falla inn under minerallova må det liggja føre klare haldepunkt for dette. I føreliggjande sak finst det ikkje klare haldepunkt for at uttaket likevel skal omfattast av minerallova. Konklusjonen blir følgjeleg at uttaket på gbnr. 54/25, 30, 31 og 32 i Osterøy kommune ikkje blir omfatta av minerallova.

¹ Ot.prp.nr. 43 (2008-2009) s. 42 flg



Oppfølging av tryggleiken på området må derfor gjerast av kommunen etter føresegnene til plan- og bygningslova.

Nærmare informasjon

Det blir notert at ufullstendige eller endra faktiske opplysningar kan medføre endringar i vår vurdering.

Me minner for ordens skyld om at uttak av massar som ikkje er underlagt minerallova med tilhøyrande krav om driftskonsesjon med godkjend driftsplan, er søknadspliktig etter plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-2, då unntaket i byggjesakforskrifta § 4-3 første avsnitt bokstav g ikkje kjem til bruk.

Med vennleg helsing

Torbjørn Killi Olsen
seksjonsleiar

Kristin Sandberg Valderaune
rådgivar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.
Saksbehandlar: Kristin Sandberg Valderaune

Mottakere:

Osterøy Entreprenør AS Hodlebrautsvegen 16 5281 VALESTRANDSFOSSEN

Kopi til:

Osterøy kommune Postboks 1 5293 LONEVÅG